

Rapport Skjøtselsplan for Hæreidsmoen

Skildring av arbeidet som er vorte gjort pr. oktober 2015:

Me har fjerna ein del småtre og buskar på lokaliteten. Me har hatt fokus på det som var nærast skogsvegen, og har jobba oss innover på eit område i nordvest. Hogstavfallet er køyrd vekk med traktor til avtalt plass (Syningen). Det gjenstår ein del rydding, me vil fortsetje arbeidet utover hausten/vinteren. Me har ikkje hatt så mykje tid til ryddearbeidet i sommar sidan me har to små barn, sistemann fødd i april 2015. Eg er heime i barselpermisjon og sambuaren min har full jobb i vekene.

Store deler av lokaliteten er vorte beita av hest (sørvest sida av grusvegen).

Ein del av lokaliteten vert i dag nytta som lagringsplass og arbeidsområde for vedproduksjon. Her skal det ryddast opp og flyttast over på andre sida av skogsvegen. Arbeidet er kome i gang, men er ikkje fullført endå. Det må ryddast ein del store tre for å få nok plass på andre sida av vegen. Me kjem til å fortsetje dette arbeidet utover hausten og vinteren.



Før rydding av område i nordvest.



Før rydding av område i nordvest



Etter rydding av område i nordvest



Før rydding langs skogsvegen



Etter rydding langs skogsvegen

Timar:

13. juni 2015 8 timar

21. juni 2015 7 timar

19. juli 2015 6 timar

19. juli 2015 4 timar

25 timar rydding av skog totalt

25 x 200 kr = 5000,-